



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Dato : 07.05.2008  
Vår ref. : 2008/190 - 3381/2008  
Dykkar ref.: 200800545 / KOE  
Dykkar dato: : 28.01.2008

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO




**HØYRINGSUTTALE - INNSTILLINGEN FRÅ STJERNØ-UTVALGET  
- NOU 2008:3 - SETT UNDER ETT**

Viser til motteke høyring 28.1.08.

Høgskolestyret ved Høgskolen Stord/Haugesund handsama høyringsuttalen i styremøtet 30.4.08. Vedlagte uttale vart samrøystes vedteken.

Med venleg helsing

  
Rune Jørgensen  
høgskoledirektør

**Postadresse:**  
Postboks 5000, 5409 STORD  
**Besøksadresser:**  
Klingenbergveien, Stord  
Bjørnsonsgt. 45, Haugesund

**Telefon:**  
+47 53 49 13 00  
**Telefaks:**  
+47 53 49 14 01

**E-post:**  
postmottak@hsh.no  
**Internett:**  
www.hsh.no

**Saksbehandler:**  
Kirsten Bakken  
**Direktefl.:**  
53 49 14 67

## Høgskolen Stord/Haugesund

# Høyring til NOU 2008:3 Sett under ett

### Generelle betraktningar

Utfordringane for sektoren framover er å kunna skaffa tilstrekkeleg velkvalifisert arbeidskraft til dei ulike område i samfunnet. Det er også å kunna gje tilstrekkeleg og relevant kunnskap til dei same områda. Dette må i tid og rom samsvara med dei utdanningssøkjande sin etterspurnad og interesse. Og det må vera tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å dekkja opp dette.

Stjernøutvalet skildrar i hovudsak på ein god måte mange av dei utfordringane me står ovafor. Men utvalet gjev få gode og nye svar på korleis me kan møta utfordringane og løysa problema.

Me har i dag eit system i høgere utdanning der dei administrative løysingane vart designa tidleg på 1990-talet, men der strukturane vart fastlagt tiår tidlegare. Denne strukturen har vakse fram for å kunna gje høgere utdanning der slik utdanning har vore naudsynt for å skaffa kvalifisert arbeidskraft til dei ulike samfunnsområde. Dette har gjeve ein desentralisert utdanningssektor som ytterlegare har synt seg naudsynt ved det store volum på etter- og vidare-utdanning som har vakse fram dei seinare åra.

*Stjernøutvalet har etter vårt syn sett noko enkelt på den desentraliserte aktiviteten me har i dette landet. Busetnaden er og vil i overskueleg framtid bli relativt desentralisert. Me tenkjer ikkje med dette på fråflyttingstruga fiskevær på Finnmarkskysten eller fjordbygder i Sogn- og Fjordane. Me tenkjer på alle dei livskraftige bygder, sentra og byar som er i stadig vekst. Her bur folk, mange folk, og dei treng sine tenester, og her føregår svært store deler av produksjonen og verdiskapinga i landet. At meir sentrale strøk i landet har ein høgare vekst fråtek ikkje resten av landet trong for kvalifisert arbeidskraft og kompetanse. Det er berre spørsmål om å byggja kapasiteten balansert etter den geografiske etterspurnaden og behovet, og i samsvar med tilgjengeleg fagleg kapasitet i utdanningssektoren.*

### Kommentar til utvalde kapittel

#### Kapitla 3 til 5

Desse tek for seg ein del generelle trekk, trendar og resultat av tidlegare vedteken politikk. Dette er viktig grunnlag å ta med seg. Men i det vidare er det ikkje berre viktig å spela med desse utviklingstrekk, det er også viktig å justera kursen der det er mogleg.

Det er spesielt fokusert på studentrekruttering. Dette er avgrensa til aldersklassane 20-24 år. Det er nok slik at mange tek utdanning i desse åra, og det har i mange år vore slik at ungdommen ynskjer seg til dei større byane (ikkje nødvendigvis til dei større utdanningsinstitusjonane). Dette er det vanskeleg å gjera noko med. *Men ein stor del av studentmassen er eldre enn dette, og dei er i stor grad relativt immobile når det gjeld studiestad. Dette gjeld grunnutdanning, og naturlegvis i endå større grad etter- og vidareutdanning. Og det er desse som er og blir stamma i den høgere utdanna arbeidskrafta i svært store deler av landet.*

*Når det gjeld fagkompetanse og forskning er det framleis slik at tidlegare arbeidsdeling mellom høgskular og universitet står ved lag. Mesteparten av personalet i høgskulane er rekruttert i ei tid der forskning og forskingskompetanse ikkje var tema. Me har sett ei endring på dette, og i åra som kjem vil nok forskingskompetansen i høgskulane endra seg mykje. Det vert etter vårt syn såleis feil å framskriva denne historiske prioriteringa.*

*Nasjonalt er det nok grunn til bekymring om me maktar å framskaffa tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i både universiteta og høgskulane sitt personale. Ei betre samordning og utnytting av dette vil vera eit viktig spørsmål uavhengig av strukturar og institusjonsnamn.*

### Kapittel 6

Kapitlet omhandlar institusjonsstruktur. Det er i dag 38 sjølvstendige statlege institusjonar tilhøyrande ulike kategoriar. Dei største byane har fleire institusjonar, elles er institusjonane spreidde over heile landet, mange av dei med fleire studiestader, og ofte med ein viss link til dei respektive fylke. Det kan isolert sett synast logisk med ei større samordning mellom institusjonane. Fleire studiestader slit med lågt studentgrunnlag og små fagmiljø. Men dette er ikkje nødvendigvis knytta til små stader. Også dei store institusjonane har sviktande studentgrunnlag på ein skilde studium, og både store og små institusjonar har små og sårberre fagmiljø. *Betre samordning mellom studiemiljø og mellom fagmiljø er ynskjeleg, men korleis få dette til?* Erfaringa så langt gjev ingen gode svar. Så lenge det er så liten tradisjon for og vilje til styring og leiing i sektoren, vil dette vera eit problem uavhengig av institusjonsstrukturen. *For å takla endringar i sektoren og stø små og utsette miljø er det viktig med ein stabil og god økonomi. Større institusjonar har større høve til over tid å sikra ein robust økonomi som også gjev høve til strategiske val innan studie og fagmiljø. Etter vårt syn bør det vera grunnlag for nasjonalt/regionalt å sanera ein del studium og fagmiljø. Men dette må kunna gjerast uavhengig av institusjonsstrukturen. Det må også peikast på at det slett ikkje kan påvisast eintydige stordriftsfordeler i sektoren korkje når det gjeld utdanning eller forskning. HSH har godt samarbeid og gode diskusjonar med universitet og høgskular på Vestlandet og er opne for nye strukturar basert på desse friviljuge diskusjonane. Me stør altså ikkje Stjernøutvalet i at samanslåing til 8-10 store institusjonar er svaret på utfordringane i sektoren.*

### Kapittel 7

Ved sist revisjon av UH-lova vart det lagt inn ei hindring i det lokale sjølvstyret. *Lova bør endrast slik at ein lokalt reellt kan fastsetja styresamansetting og øvste leiing, og ikkje som no ha ein hovudmodell som vanskeleg let seg endra.* Stortinget har i ei anna sak bede om at regionane skal oppnemna to av dei fire eksterne representantane til høgskulestyret. *For HSH sitt vedkomande vil då sju ulike grupper/instansar oppnemna dei 11 styrerepresentantane. Ein kan då umogleg få sett saman eit strategisk godt styre som kan ivareta dei funksjonane som Storting og departement har lagt opp til. Stjernøutvalet sitt framlegg om at eventuell tilsett rektor også skal sitja i styret vil me avvise.*

### Kapittel 8

Akkreditering som universitet. *HSH har ikkje hatt eigne universitetsambisjonar.* Me ser at det f.o.m. Mjøsutvalet har vore politiske/økonomiske diskusjonar kring vilkåra for å endra institusjonskategori. Etter vårt syn har dette stort sett vore ein diskusjon mellom historien og den nye tid. Historiske skilnader mellom institusjonar må me leva med, og Stjernøutvalet har ikkje gjeve god argumentasjon for å endra dagens krav.

### Kapittel 9

Forskarutdanninga har tradisjonelt lege til universiteta. Dei seinare åra har dette også skjedd på ein del høgskular i tillegg til dei "nye" universiteta. Eit av problema har vore at høgskulestipendiatane i stor grad har vore styrt av fagmiljøa på universiteta. *Etablering av forskarskular ser me positivt på, og dersom dei kan bli noko meir uavhengige av phd-institusjonens preferansar er dette ytterlegare positivt.*

### Kapittel 10

Me har no nokre år hatt ei fleirdelt finansiering med *basisløyving og resultatbasert tildeling.* Etter vårt syn er dette i seg sjølv ein god struktur. Problemet har vore at basis tok utgangspunkt i eit bestemt år, uavhengig av meir prinsipielle grunnar. At institusjonane historisk har ulik finansiering grunna ulike stortingspolitiske vedtak må me leva med. Å prøva å dekomponera den historiske basis kan bli problematisk, sjølv om ein transparent basiskomponent hadde vore å foretrekkja. *I dag kan ein kanskje seia at resultatkomponenten er for stor, og gjev for store (tilfeldige?) svingingar frå år til år, ein større basis hadde gjeve høve til ei betre langsiktig planlegging i institusjonane. Men HSH ynskjer ikkje ein overgang til meir øyremerka midlar, enten dei er faste eller resultatbaserte, enn det me har i dag. Elles er dette eit tema som departementet kjem attende til i 2009.*

Kapittel 11

Små studiestader er omhandla i kapittel 11. Mange av høgskulane kan bli ein del av slik diskusjon. *Me ser klårt at dersom studentane uteblir er det vanskeleg å argumentera for å oppretthalda ein studiestad. Men kva som er den nedre grense vil nok variera, og ein må også sjå nærare på kva politisk grunnlag det var/er for slik lokalisering. Desse vurderingane må liggja til institusjonen sjølv.*

Kapittel 12.

Høgskulane er i dag i hovudsak dimensjonerte av departementet på dei viktigaste utdanningane. *Dimensjonering/lokalisering av dei viktigaste utdanningane må framleis vera eit statleg ansvar. Dette gjeld enten dei er store eller små. Og desse må ikkje bli utsette for brå svingingar.*

Kapittel 13.

Kapitlet omhandlar elitesatsing. Generelt tykkjer me at debatten i altfor stor grad har dreia seg om korleis me kan bli verdsleiande, og i mindre grad korleis me kan dekkja opp dei nasjonale krav som er naudsynte innafor fagmiljø og studium. Men *me stør framleis satsing på SFF og SFI.*

Kapittel 14

Profesjonsutdanningane i høgskulane er utdanningar med liten eller ingen forskningstradisjon. Samstundes er det profesjonar som er heilt sentrale i velferdsstaten og næringslivet. Dette er eit felt som institusjonane har gripe fatt i dei siste åra. *Det har skjedd kompetanseheving i personalet, utdanninga er fornya, det er satsa vidare på masterutdanningar. Dette har vore ressurskrevande, men ei naudsynt oppgradering av desse fagmiljøa. Etter kvart er desse fagmiljøa i stand til å handtera utdanningane utan den detaljstyring som departementets rammeplanar ofte fører til. Ei styrking og samordning av forskinga innafor desse områda er viktig. Ei satsing på profesjonsutdanningane ser me difor positivt på.*

*HSH stør framlegget om sentra for framifrå undervising som skissert i kapittel 15.*

Kapittel 16

Institusjonane sin regionale rolle er omtala i dette kapitlet. Dette er eit område som har vore for lite påakta både av institusjonane og sentralmakta. *Me ser ein kraftig auke i vårt samspel med regionane. Dette gjeld det offentlege arbeidslivet, og det gjeld det private. Me er ein stadig viktigare aktør med grunnutdanningane våre, med spesielt tilpassa utdanningar og kurs, og med utviklingsarbeid. Ved å vera små og nære kan me tena lokalmiljøa på ein heilt annan måte enn dei større institusjonane. Dette er heilt vesentlege tilbod utvikla i nært samarbeid med oppdragsgjevar, tilbod som også vert køyrt i dei større byane for dei store verksemdene. Generelt vil me seia at dette har eit mykje større og viktigare omfang enn det utvalet skisserer i sitt arbeid.*

Kapittel 17

*Målet for internasjonisering slik det er skissert i tidlegare statsbudsjett er urealistisk. At 50% av studentane skal ha minst eit semester utanlands er ikkje innan rekkjevidde for dei aller fleste institusjonar og studium. I tillegg er dei økonomiske verkemidla for internasjonisering altfor små. I realiteten er det i dag ingen insentiv for internasjonisering, tvert om vert det vurdert som økonomisk negativt å senda studentar på utreise. Innreisande studentar er for få med for liten produksjon til at dei veg opp for dei utreisande.*

*Avslutningsvis vil me kommentera statleg politikk og styring. HSH er for ei statleg samla styring av sektoren. Men det er samstundes viktig å vidareføra og vidareutvikla den autonomien som institusjonane etter kvart har fått. Me vil presisera dette fordi dei siste års tendens til detaljstyring har gått i motsett lei. Meir øyremerking og fleirårskontrakt med departementet vil virka på same viset. Og me er slett ikkje overtyste om at departementet har den kunnskap om institusjonane og drifta av desse til at ein kan gå inn i meir detaljstyring.*